

**Planstrategi
2024–2027 (2028)
for
Sauda kommune**



Vedtatt: 30.oktober 2024

Kvifor blir ein planstrategi utarbeidd?	1
Rammer for planlegging i Sauda kommune	2
FN sine 17 berekraftsmål	2
Nasjonale forventningar	2
Statlege planretningslinjer	2
Regionale føringar	3
Bustadsosial lov	3
Sydande Sauda – eit kraftsenter	3
Kunnskapsgrunnlag	4
Oppsummering av utviklingstrekk og kopling til plan.	4
Kvifor planlegge me?	5
Plansystem	5
Evaluering av gjeldande planverk	7
Evaluering av planstrategi 2020 – 2023	7
Er det behov for å endra gjeldande kommuneplan?	8
Kommuneplanen sin arealdel	8
Evaluering av eldre reguleringsplanar og klimaomstilling	9
Planbehov 2024 – 2027 (2028)	9
Ressursbehov	10
Større prosjekt	10
Forslag til planbehov 2024 – 2027	12
Planarbeid som er påbegynt og er planlagt fullført i perioden	16
Planar anbefalt oppheva	18
Vedlegg	19

Sak 112/2024 Kommunestyret, møtedato 30.10.2024:

KOM - vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 10 -1 blir forslag til planstrategi, sist revidert 26.9.2024, vedteken med følgende endringar:

- 1) Kommunestyret ber om at områdeplan Svandal prioriteres, med mål om ferdigstilling 1. halvår 2025.
- 2) Kommunestyret ber kommunedirektøren starte revidering av kommuneplanens arealdel i 2026.
 - a) Det vert sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe til å følge og bistå i arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel.
- 3) Kommunestyret ber kommunedirektøren iverksette oppstart av sentrumsplan i 2025.
- 4) Kommunestyret ber kommunedirektøren revidere handlingsplan for sykkelstrategien Syklende Sauda i samhandling med tiltak i klimaplanen.
- 5) Det blir ikkje starta opp revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i denne perioden
- 6) Resterande planar lista i tabell «kan opphevast» i planstrategien vert oppheva.

Forslaget vedtatt med 10 mot 9 stemmer. Andreas Rolfsen (H), Cecilie Birkeland (H), Dagfinn Birkeland (H), Anja Huse (H), Janne Eikevik (Ap), Siv Hege Lund (Ap), Ann Kristin Kalvik (Ap), Paul Løyning (H) og Håvard Handeland (Ap) stemte mot.



Kvifor blir ein planstrategi utarbeidd?

Det skal etter plan- og bygningslova § 10-1 første ledd utarbeidast ein planstrategi minst ein gong kvar valperiode. Tidspunkt for vedtak er innan eitt år etter kontinuering av kommunestyret.

Planstrategien er eit politisk styringsverktøy, og eit lovpålagt hjelpemiddel for kommunestyret. Planstrategiarbeidet skal vera tilpassa kommunen sitt behov og situasjon, og fokuset er på planbehovet. Formålet er å få ei politisk prioritering av kva for planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen.

Gjennom vedtak av planstrategien skal det nye kommunestyret også ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller del av den skal reviderast, eller om den skal førast vidare utan endringar.

Det er ressurskrevjande å utarbeide og vedlikehalde planar. Planverket bør difor avgrensast til det som er naudsynt for å oppfylle viktige mål.

Planstrategien skal ha som mål å følgje opp intensjonane i pbl § 3-1 om at «Planlegginga skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige føresetnader for gjennomføring og ikkje vera meir omfattande enn naudsynt».



Rammer for planlegging i Saude kommune

Planlegging skjer innanfor rammer som er satt i plan- og bygningslova, og skal vera samstemt med krav i andre relevante lovar og regelverk. Gjennom planlegginga skal kommunen òg bidra til sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, i tråd med FN sine berekraftsmål.

Lovar, forskrifter, politiske vedtak og overordna styringssignal frå stat, fylke og kommune samt kommunen sin økonomi legg rammene for kommunen si politikktutforming.

FN sine 17 berekraftsmål

FN sine berekraftsmål skal leggst til grunn for kommunal planlegging. Regional utviklingsplan og kommuneplanen sin samfunnsdel er dei viktigaste dokumenta for å avklare korleis berekraftsmåla skal følgast opp i vidare planarbeid, oppgåveløysing og økonomiplanlegging.

FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

Konvensjonen skal bidra til å motverke diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Han skal sikre respekt for dei gjeldande sivile, politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. Noreg ratifiserte FN-konvensjonen i 2013. Det arbeidast med ei utgreiing for korleis den skal innlemmast i norsk lov. Korleis ein skal legge til rette for eit inkluderande samfunn for alle er viktig å ha med seg i kommunen sitt arbeid.

Nasjonale forventningar

Regjeringa legg fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging kvart fjerde år. Desse skal leggst til grunn for kommunen sitt planarbeid, og skal bidra til å fremma ei berekraftig og samordna utvikling. Dei kan gje grunnlag for fråsegn frå statsforvaltaren. I dei nasjonale forventningane blir det peika på kva nasjonalt prioriterte utfordringar regjeringa ønskjer at kommunane skal arbeide med. I dei nasjonale forventningane for 2023 – 2027 er det peika på 5 hovudtema:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

For kvart hovudtema er det trekt fram dei mest aktuelle berekraftsmåla frå FN. Det er for å vise samanhengen mellom berekraftsmåla, den nasjonale politikken og regional og kommunal planlegging.

Statlege planretningslinjer

Statlege planretningslinjer blir nytta for å konkretisere nasjonale viktige planleggingstema. Statlege planretningslinjer skal vera tydelege på kva mål som skal leggst til grunn for planlegging, og korleis ulike interesser skal ivaretakast og vektast. Statlege



Sist revidert: 30.10.2024

planretningslinjer kan vera både tematisk og geografisk avgrensa. Oversikt over gjeldande planretningslinjer ligg på [regjeringa si nettside](#). Forslag til nye statlege planretningslinjer for areal og mobilitet og nye statlege planretningslinjer for klima og energi vart lagt ut på høyring i 2024 med mål om vedtak same år.

Regionale føringar

Fylkeskommunen har fleire roller i lokal planlegging etter plan- og bygningslova. Blant anna er fylkeskommunen gitt sterke verkemiddel i regional plan til å styra arealutnyttinga i fylket. Rogaland fylkeskommune har også utarbeidd eit utkast til planstrategi for 2025 – 2028. Denne er namngitt Utviklingsplan for Rogaland. I denne blir det presentert 4 langsiktige utviklingsmål som tar vare på balansen mellom miljømessig, sosial og økonomisk berekraft:

- Attraktive lokalsamfunn, tettstadar og byar
- Konkurransedyktig region
- Helsefremmande og inkluderande samfunn
- Klimaomstilling og livskraftige naturmiljø.

Kvart utviklingsmål blir supplert med innsatsområde som skildre nærare kva ein ønsker å prioritere av satsing og samarbeid. Planen inneheld òg planprinsipp og regionale planbehov for den kommande perioden. Det er mål om å vedta utviklingsplanen i oktober 2024.

Fylkeskommunen har ei rekke regionale planar som gjev føringar for kommunen si planlegging innanfor ulike samfunnsområde: Arealbruk og

transport, kultur, kulturminne, energi og klima, folkehelse og friluftsliv, vatn- og naturforvaltning, næringsutvikling med meir.

Bustadsosial lov

Stortinget vedtok 12. desember 2022 ei ny lov om kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet, også kalla bustadsosial lov. Lova trådde i kraft 1. juli 2023.

Koplinga til planstrategien og kommuneplanen er eit nytt krav frå nasjonale myndigheiter, og det er tydeleg at bustadsosiale omsyn skal inn i alle fasar av planlegginga. I ny lov er det gitt ei overgangsføresegn: Krava til ei oversikt over behovet for ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte som grunnlag for planstrategien skal vera oppfylt seinast 1. juli 2027. Dette er noko ein vil sjå på i revisjon av **Bustadsosial handlingsplan**.

Sydande Sauda – eit kraftsenter

Kommuneplanen sin samfunnsdel, Sydande Sauda – eit kraftsenter, vedteken i mai 2020, er førande for planlegginga i kommunen. Hovudvisjonen for Sauda er:

Me skal styrka Sauda som eit kraftsenter der alle er velkomne inn «i varmen».

For å oppnå visjonen er det lagt til grunn fem hovudstrategiar, med tilhøyrande temaområde, mål og strategiar for å nå måla.



Kunnskapsgrunnlag

Planar, strategiar og avgjersler må bygge på eit kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget viser utvalde utviklingstrekk og utfordringar i vår kommune, og dannar med det eit grunnlag for å vurdere planbehovet i kommande periode. Dette skal bidra til at planlegginga i Sauda kommune blir behovsstyrt og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

Følgande kunnskapsgrunnlag ligg til grunn for prioriteringar i planstrategien til Sauda kommune dei neste fire åra:

- Utviklingstrekk/Utfordringsbilete, sjå vedlegg.
- Folkehelseoversikt, vedteken i kommunestyret juni 2024.
- Budsjett 2023 og økonomiplan
- Kommuneplanens samfunnsdel 2019 – 2031

Sjå òg Norconsult sin rapport utarbeidd i forbindelse med prosjektet «Framtidas oppvekst» for meir informasjon om oppvekstområde.

For meir informasjon om status på mottak- og busettingsarbeidet til kommunen visast det til kommunestyresak 101/2023.

Oppsummering av utviklingstrekk og kopling til plan.

Verda står i ein alvorleg situasjon med ei klima- og naturkrise og kommunane er forventa å vektlegge arbeidet med klimagassreduksjon, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging. Samtidig må me jobba med klimatilpassing for å bli eit meir robust samfunn i møte med klimaendringane. Utsleppstala i

perioden 2018 til 2022 vise at det er lite teikn på nedgang i utslepp i Sauda, og det må gjerast ein innsats for å nå Noreg sitt klimamål. Dette tema blir følgt opp i pågåande arbeid med ny **klimaplan** for Sauda.

Heilskapleg ROS- analyse for Sauda kommune 2023- 2027 skal evaluerast årleg, og går ut i 2027. Klima-sårbarheit og strategi for å sikre robust infrastruktur vil bli vurdert i samband med neste revisjon. Ved evaluering vil ein òg vurdere risikobilete og den tryggleikspolitiske utviklinga i samfunnet

I klimaarbeidet blir viktigheten av at klima- og naturkrisene ses i sammenheng fremhevet. Bærekraftig og langsiktig arealbruk er en svært viktig del av dette arbeidet og må legges til grunn for den kommunale planleggingen.

I **folkehelseoversikten** er det peika på to folkehelseutfordringar; demografi og sosial ulikskap i helse. I tillegg er Nærmiljø og sosial deltaking identifisert som ressursar.

Sauda har ei negativ befolkningsutvikling, og framskrivingar vise at Sauda vil ha størst negativ utvikling fram mot 2050 i Rogaland. Me er, og vil framover bli, ein kommune med mange eldre, samtidig som talet på unge går ned. Det tyde på at det vil vera færre hender tilgjengeleg for å ta hand om stadig aldrande befolkning.

Dei to folkehelseutfordringane er noko kommunen arbeidar med kontinuerleg. Det ligg i målsettinga i **samfunnsdelen og kommunedelplan for helse og omsorg**. Tema blir handsama i **forebyggjande plan for omsorgssvikt**



og åtferdsvanskar og bustadsosial handlingsplan.

I desse planane samt mellom anna i arbeidet med ny **temaplan for idrett og friluftsliv og reguleringsplan for sentrum** vil kommunen òg arbeide med å ivareta og forsterke de identifiserte ressursane, og legge til rette for eit aldersvennleg og inkluderande sentrum.

Sauda har over tid hatt låg arbeidsløyse, blant dei lågaste i Rogaland. Ei utfordring er å rekruttera nye tilsette med rett kompetanse til stillingar både i offentleg og privat verksemd. Dette gjeld for så vidt både stillingar som krev høgare akademisk utdanning og fagarbeidarar. Tilgang på arbeidskraft og kompetanse er omtalt i **samfunnsdelen**, og temaet vil bli handsama i arbeidet med **ny næringsplan**.

Ei god og berekraftig økonomistyring i kommunane er viktig for å kunne gi gode tenestetilbod til befolkninga og næringslivet.

Kommunen sitt handlingsrom er styrt av inntekter. Det er i hovudsak fire faktorar som kan endra, og variere, for å halde kommunen innanfor inntektsramma: mengde, struktur, kvalitet og måten me gjennomføre tenestene på. Viss ein faktor skal ha relativt større del av heilskapen, må ein eller fleire av dei øvrige reduserast.

Det er eit kontinuerleg fokus på kommunen sitt handlingsrom, og det blir synleggjort i **økonomiplan, budsjett og rapporteringar**.

Handlingsrommet er òg eit tema i planar som blir utarbeidd. Tiltak som ligg i dei enkelte planane må ligge i økonomiplanen for å kunne bli

gjennomført. **Ny hovudplan for vatn og avløp** er ein viktig plan med tanke på å ha oversikt over nødvendige investeringar fram i tid.

Kvifor planlegge me?

Formålet med ein plan innanfor samfunnsområde er:


- Den skal gi rom å for å gjera riktige prioriteringar.
- Den skal føre til at arbeidet me gjer blir lettare og meir samstemt
- Den skal bidra til at alle involverte kan sjå for seg både arbeidet som skal gjerast og målet me skal nå.
- Ein vedtatt plan skal vera eit verktøy for dei som skal gjennomføre den. Dei som blir omfatta av den skal ha forstått utgangspunktet, er klar over målet og veit kva som må gjerast for å nå det.
- God planlegging gir føreseielegheit, det føre til enklare gjennomføring og betre resultatet.
- Planen må gje rom for justeringar undervegs, slik at det er rom for innovasjon i gjennomføringsprosessen.

Alle planar skal bli utarbeidd etter, og bygge opp under, plansystemet til Sauda kommune.

Plansystem

Plansystemet er forankra i plan- og bygningslova, og gjeld planlegging av utviklinga i kommunen.

Lova forutsett samordning med ei rekke sektorlovar slik at planlegginga fremmar ei berekraftig utvikling.



Det er viktig med ei god kopling mellom plansystemet etter plan- og bygningslova og styringssystemet i form av økonomiplan, budsjett og årsrapportering etter kommunelova.

utarbeide. Samfunnsdelen er grunnlag for Sauda kommune sine prioriteringar i den årlege rullinga av handlings- og økonomiplanen.

Strategiske planar skal synleggjera

Figur 1 Planstrategien i det kommunale plansystemet. Figur henta frå rettleiar frå kommunal- og distriktsdepartementet. Sjå større figur sist i dokumentet.

Kommuneplanen utgjer både **samfunnsdel og arealdel**. Den tek for seg langsiktige utfordringar, mål og strategiar for samfunnet som ein heilskap og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal bli nytta som eit styringsverktøy for administrasjonen og administrativ leing, og tenestekområda skal følgje opp dei politisk vedtekne satsingsområda. Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel skal vera styrande for kva for andre planar kommunen vel å

og avklara prioriterte satsingsområde og verkemiddelbruk innanfor eit tema eller eit fagområde. Den skal visa kva som er målet og kva strategiar ein vil nytta for å nå målet, men ikkje korleis det skal gjerast gjennom tiltak. Det er ingen formelle krav til prosess og medverknad.

Tematiske planar er fagplanar som skal klargjer målsettinga for dei ulike fagområda og sektorane i kommunen. Nokre av planane er lovpålagte etter sektorlovar, medan andre vel



kommunen å utarbeida sjølv, basert på lokale behov. Inneheld tiltak.

Handlingsplanar skal visa tiltak som skal sikra gjennomføring av vedtekne temaplanar, fagplanar og strategiar, eller utfordringar og mål klarlagt gjennom politiske vedtak eller andre overordna føringar.

Økonomiplanen gjeld for 4 år, og skal vise forventta inntekter, bruk av midlar og prioriterte oppgåver. I økonomiplanen skal ein konkretisere handlingsmål og tiltak som viser korleis samfunnsdelen skal følgast opp dei neste 4 åra. Økonomiplanen er det viktigaste verktøyet for å sikre økonomisk planlegging og styring i kommunen.

Årsbudsjetet viser korleis kommunen skal bruke sine økonomiske midlar det neste året. Kommunen bør ha eit godt system for å sikre samanheng mellom handlingsplanen med økonomiplan og den årlege økonomiplanen.

I prosessen knytt til årsmelding og rekneskap bør ein evaluere måloppnåing i handlingsplan med økonomiplan og eventuelt revidere måla for neste fireårsperiode.

Øvrige planar er administrative **verksemdplanar** som blir utarbeidd innanfor ulike einingar i kommunen. Planane fungere som arbeidsverktøy til å styre einingane i ei bevisst og uttalt retning, grunnlag for tilsyn og for intern

prioritering og koordinering av arbeidsinnsatsen. Planane er innanfor det som er delegert til kommunedirektøren og krev berre intern behandling. Eksempelvis årsplanar for barnehagar, arkivplan og smittevernplan.

Evaluering av gjeldande planverk

I planstrategiarbeidet skal ein på grunnlag av ny kunnskap og endra behov gjere ei kritisk vurdering av eksisterande planverk, og vurdere behovet for revisjon og eventuelle nye planar.

Ein har kartlagt plansituasjonen i kommunen og i vedlegg kan ein sjå ei oversikt over dei gjeldande planane frå dei ulike sektorane. I oversikta ligg berre dei planane som blir politisk behandla.

Evaluering av planstrategi 2020 – 2023

I vedlegg er det gitt ei tabelloversikt med status på planbehova som låg i planstrategien for 2020-2023. Det er òg avdekt at det vart påbegynt eller utarbeidd planar som ikkje var nemnt i planstrategien for 2020 - 2023.

I planstrategi for 2020–2023 vart det peika ut behov for revidering og utarbeiding av mange planar, og ein var optimistisk med omsyn til ressursar (både økonomisk og arbeidskraft). Det



er difor ikkje alle planane som har blitt påbegynt/ferdigstilt.

Er det behov for å endra gjeldande kommuneplan?

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Eit viktig mål med plansystemet er at kommuneplanen sin samfunnsdel skal vera eit reelt politisk styringsverktøy. For å fungere som eit styringsverktøy må kommuneplanens samfunnsdel vera forankra i kommunestyret, bygge på ei tydeleg utfordringsskildring og ha tydelege satsingsområde og mål.

Kommuneplanen sin samfunnsdel, *Sydande Saude – eit kraftsenter*, vedteken i mai 2020, er førande for planlegginga i kommunen.

Hovudvisjonen for Saude er: *Me skal styrka Saude som eit kraftsenter der alle er velkomne inn «i varmen».* *Saude skal vera ein attraktiv småby for folk og næringsliv. Eit kraftsenter som gir energi og livsgrunnlag. Våre fortrinn skal vera eit tett, attraktivt og levande sentrum. Det skal vera bymessige kvalitetar nært store, tilgjengelege naturressursar og naturkvalitetar. Kommunen skal nytta eigne ressursar og eigenart for å skapa investeringslyst, besøkslyst og trivsel. Slik vil me utvikla eit berekraftig samfunn med interessante arbeidsplassar og gode livsvilkår i Saude.*

For å oppnå visjonen er det lagt til grunn fem hovudstrategiar, med tilhøyrande temaområde, mål og strategiar for å nå måla.

Kommuneplanen låg òg til grunn for førre planstrategi. Det har vore ei endring av politisk samansetting sidan vedtak av samfunnsdelen.

Enkelte tema har sidan 2020 fått eit forsterka fokus, til dømes klima- og naturkrise, tilgang på kompetanse og kommuneøkonomi. Dette kjem mellom anna fram av nye nasjonale forventningar (vedteken i 2023), utkast til nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, og nye statlege planretningslinjer for klima og energi som var på høyring i første del av 2024.

Mål og strategiar i gjeldande samfunnsdel er vurdert til å svare ut ein stor del av kommunen sitt oppdaterte utfordringsbilete for 2024.

Det er på sikt behov for ei revidering av samfunnsdelen, men kommunedirektøren tilrår at den ikkje endrast i denne perioden. Eit slikt arbeid er ressurskrevjande, og det er fleire pågåande planar og prosjekt som ein tilrår blir handsama først. Kommuneplanen sin samfunnsdel vidareførast i denne perioden.

Kommuneplanen sin arealdel

Kommunen skal ha ein arealplan som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk for heile kommunen. Planen skal gi hovudtrekka i arealdisponeringa, og rammer og føresetnader for kva nye vedtak og ny arealbruk som kan settast i verk.

Arealdelen var vedteken samtidig med samfunnsdelen. Det har i etterkant av dette vedtaket blitt gjennomført mindre endringar av arealdelen, der den siste vart vedteken i 2023.

Ved neste revisjon ser ein at det gjennom tilspissa utfordringsbilete, nasjonale forventningar, nye planretningslinjer, nye regionale



Sist revidert: 30.10.2024

planar, nye lovkrav samt politisk innspel til planstrategiarbeidet at det vil vera behov for å arbeide vidare med mellom anna desse tema:

- Klimaomstilling
- Klima- og miljøkrav
- Arealbruk, klimarisiko og naturfare
- Jordvern og naturverdiar
- Nye næringsareal
- Kartlegging og kartfesting av tiltak i LNFr, jf. USU sitt vedtak 26.9.23.
- Gjennomgang av, og strategi for, fritidsbustadområder
- Tekniske rettingar og presiseringar av føresegn
- Energibruk og energieffektivisering
- Ny fornybar kraftproduksjon

Oppstart av revisjon av kommuneplanen sin arealdel er satt til 2026.

Evaluering av eldre reguleringsplanar og klimaomstilling

Sauda kommune har 117 gjeldande arealplanar, kor 93 er vedtekne før plan- og bygningslova 2008.

Det er ei nasjonal forventning om at planar skal vera oppdatert. Dette er òg noko som er peika på i Statsforvaltar sin uttale til planstrategiarbeidet. Kommunen bør vurdere behov for å oppdatere eksisterande planar i lys av klimaendringane, og sikre at kommande planar sikrar omsynet til klima. Det inngår i arbeidet med kommuneplanens arealdelen å sjekke om gjeldande reguleringsplanar er i tråd med dagens regelverk og andre føringar frå styresmaktene. Dei eldre planane vil ikkje bli oppheva, men kommuneplanen vil overstyre dei.

Prosesskravet for oppheving av eldre reguleringsplan er tilsvarande for utarbeiding av ny reguleringsplan.

Nasjonalt blir det arbeidd med korleis kommunane kan gjennomføre planvask av eldre reguleringsplanar på ein meir effektiv måte. Sauda kommune fylgjer med på dette arbeidet.

Planbehov 2024 – 2027 (2028)

Planbehovet til kommunen i inneverande kommunestyreperiode er vurdert ut frå utviklingstrekk til kommunen samt ressurssituasjon.

Elles er innspel frå mellom anna Statsforvaltaren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune tatt med i vurderinga.

I vedlegg er det gitt ei oversikt over gjeldande planar og pågåande planarbeid samt evaluering av førre planstrategi.

På neste side er det gitt ei tabelloversikt over gjeldande planar som går ut i denne kommunestyreperioden, og som ein ser behov for å oppdatere på bakgrunn av dagens kunnskap og supplere dei innanfor eksisterande rammer.

Tabellen vise vedtatt planbehov for 2024 – 2027. Ein har forsøkt å kople dei ulike planane til tema i diskusjonsunderlaget *Utviklingstrekk i Sauda, og Folkehelseoversikt*.

Det er vurdert at det ikkje er behov for ny plan eller strategi innanfor oppvekstsektoren i denne perioden. Det er mellom anna grunna pågåande prosjekt om skulestruktur, og at



sektoren har fleire mål i nasjonalt lovverk og læreplanar som ein ska følgje opp.

Ressursbehov

Revisjon av tidlegare utarbeidde planar, eller utarbeiding av nye planar, krev ressursar, med omsyn til tidsbruk og kostnader i forbindelse med planprosessen. Behovet er drøfta/vurdert med bidrag frå kommunen sine einingar og kommunedirektør.

Utarbeiding av nye og revisjon av eldre planar kjem i tillegg til ordinær drift. For å ha kapasitet til å utarbeide nye eller revidere eksisterande planar medføre det at andre arbeidsoppgåver må skyvast på.

Samla ressursbehov ut frå vedtatt planbehov er gitt under. Vekeverk definerast som samla tid som det er grovt estimert at alle interne ressursar bidrar med inn i planarbeidet.

Temaplan for næring: Planen skal utarbeidast internt med ressursar primært frå Sauda næringsutvikling KF, og med avgrensa bistand frå Sauda kommune. Styret i SNU KF vil medverke, og det vil bli lagt opp til involvering av næringslivet. Det er rekna om lag 6-8 vekeverk frå interne ressursar til arbeidet.

Temaplan for idrett og friluftsliv: Planen skal utarbeidast med interne ressursar. Det er estimert ca. 30 vekeverk frå interne ressursar til arbeidet.

Trafikksikringsplan: Revisjon for å oppdatere tiltak som ligg i gjeldande plan. Det er estimert ca. 10 vekeverk frå interne ressursar til arbeidet.

Bustadsosial handlingsplan: Mindre revisjon. Planen skal utarbeidast av interne ressursar. Det er estimert ca. 10-12 vekeverk til arbeidet.

Handlingsplan Vald i nære relasjonar: Mindre revisjon. Det er estimert ca. 3 vekeverk frå interne ressursar til arbeidet.

Kommuneplanen sin arealdel: Internt ressursbehov vil utgjere minimum 1 årsverk. Det vil samtidig vera behov for eksterne konsulenttenester. Arbeidet er grovt anslått til 6,5 – 7 millionar inkludert prosjektstilling. Prosessen vil kunne gå over minimum 3 til 4 år.

Områdeplan for sentrum: Internt ressursbehov vil utgjere ca. 40 vekeverk. Det vil samtidig vera behov for eksterne konsulenttenester. Eit planarbeid er grovt anslått til 4,5–5 millionar kr, og prosessen vil gå over ca. 3 år.

Gang- og sykkelveg Birkeland: Internt ressursbehov vil utgjere ca. 30 vekeverk. Det vil samtidig vera behov for eksterne konsulenttenester. Eit planarbeid er grovt anslått til 2 til 3 millionar kr, og prosessen vil gå minimum over 2 år.

Større prosjekt

Kommunestyret vedtok i 2024 prosjektet «Framtidig organisering av oppvekst».

I rammesak for 2025 vedtatt i kommunestyret den 19.6.24 er det også peika ut behov for eit prosjekt innanfor helsesektoren. Dette er namngitt «Framtidas omsorg».

Prosjekta kan få konsekvensar for fleire av kommunen sine planar, og det kan påverke skissert planbehov i dette dokumentet.



Til dømes kan det påvirke omfang av revisjon av trafikksikringsplanen, da den må sjåast i samanheng med skulestruktur. Viss det blir vedteke behov for ny skuletomt vil det òg utløyse behov for arealplan.

Forslag til planbehov 2024 – 2027

Type plan	Plannamn	Behov: Ny, revidering eller rullering. Tidsperspektiv	Merknad	Kopling til diskusjonsunderlag utviklingstrekk i Sauda og folkehelseoversikt
Tematisk plan	Temaplan for idrett og friluftsliv	Gjeldande KDP for utbygging av anlegg og områder for idrett og friluftsliv frå 1998 anbefalast oppheva, og erstatta av ny temaplan. Planarbeid i 2024-2025	Ein temaplan for idrett og friluftsliv vil vera ein langsiktig plan for utvikling av aktivitetstilbod og anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i kommunen. Den vil òg danne grunnlag for søknad om statlege spelemiddel. Temaplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og naturforvaltning låg òg i planstrategien (2023), men i planarbeidet som no er satt i gang er naturforvaltning tatt ut slik at ein kunne utarbeide planen administrativt.	- Folkehelse - Klima og miljø - Langsiktig arealbruk
Tematisk plan	Trafikksikringsplan	Revisjon i 2025/2026	Denne planen er eit viktig grunnlag for innspel til fylkeskommunen i deira prioriteringar og liknande, og den utgjer eit nødvendig grunnlag for søknadar om tilskot til trafikksikring. Omfanget av revisjon må sjåast i samanheng med pågåande prosjekt for skulestruktur.	- Folkehelse - Klima og miljø

Type plan	Plannamn	Behov: Ny, revidering eller rullering. Tidsperspektiv	Merknad	Kopling til diskusjonsunderlag utviklingstrekk i Sauda og folkehelseoversikt
Handlingsplan	Bustadsosiale handlingsplanar (2020 – 2024)	Revidering Oppstart i 2025		- Nasjonale forventningar - Demografi - Folkehelse - Bustadbygging - Kommuneøkonomi og tenesteyting
Tematisk plan	Beredskapsplan for helse- og omsorgstjenestene (2014, sist revidert 2016)	Årleg evaluering.	Krav/forventning i <i>Lov om kommunale helse- og omsorgstenester og lov om helsemessig og sosial beredskap</i> ,	- Nasjonale forventningar - Folkehelse - Kommuneøkonomi og tenesteyting
Handlingsplan	Handlingsplan Vald i nære relasjonar 2016 – 2019	Mindre revisjon i perioden	Regjeringa anbefale kommunane å utvikle ein lokal handlingsplan mot vald i nære relasjonar, som eit verktøy for heilskapleg arbeid (BUFdir).	- Nasjonale forventningar - Folkehelse - Kommuneøkonomi og tenesteyting
Risiko- og sårbarheitsanalyse	Helhetlig ROS for Sauda kommune 2023 - 2027	Evaluerast kvart år, og går ut 2027.	Klima-sårbarheit og strategi for å sikre robust infrastruktur vil bli vurdert i samband med neste revisjon. Ved evaluering vil ein òg vurdere risikobilete og den tryggleikspolitiske utviklinga i samfunnet	- Nasjonale forventningar - Folkehelse - Kommuneøkonomi og tenesteyting - Klima og miljø
Handlingsplan	Handlingsplan for sykkel	Revisjon. Oppstart i 2025		-
Ansvarleg: Sauda næringsutvikling KF				

Type plan	Plannamn	Behov: Ny, revidering eller rullering. Tidsperspektiv	Merknad	Kopling til diskusjonsunderlag utviklingstrekk i Sauda og folkehelseoversikt
Tematisk plan	Næringsplan	Strategisk næringsplan frå 2017 anbefalast revidert. Forventa oppstart 2024	Kommunedirektøren legg til grunn at Sauda Næringsutvikling KF har prosjektleiaransvaret for denne planen. Det anbefalast at temaplanen omfattar tema reiseliv, landbruk og at ein ser på samlokalisering av verksemdar med overskotsvarme med aktivitet som har behov for varme	- Nasjonale forventningar - Folkehelse - Næringsutvikling og sysselsetting - Bustadbygging - Klima og miljø - Langsiktig arealbruk
Nye kommunale arealplanar:				
Arealplan	Kommuneplanen sin arealdel	Revisjon av gjeldande arealdel. Forventa oppstart 2026		- Nasjonale forventningar - Folkehelse - Næringsutvikling og sysselsetting - Bustadbygging - Klima og miljø - Langsiktig arealbruk
Arealplan	Områdeplan for sentrum	Revidering av gjeldande reguleringsplanar for sentrum. Forventa oppstart 2025	Rogaland fylkeskommune har gitt 50 % i støtte for utarbeiding av DIVE-analyse . (kulturhistorisk stedsanalyse) Kommunedirektøren legg opp til oppstart av DIVE-analyse i slutten av 2024 og ferdigstilling i 2025.	- Nasjonale forventningar - Folkehelse - Næringsutvikling og sysselsetting - Bustadbygging - Klima og miljø



Type plan	Plannamn	Behov: Ny, revidering eller rullering. Tidsperspektiv	Merknad	Kopling til diskusjonsunderlag utviklingstrekk i Sauda og folkehelseoversikt
				- Langsiktig arealbruk
Arealplan	Reguleringsplan for gang- og sykkelveg Birkelandsvegen	Ny plan, jf. vedtak i kommunestyret 21.2.24. Planlagt oppstart hausten 2024.	Avhengig av utbyggingsavtale med forslagsstillar for Sauda, gnr. 44, 45 og 46 mfl. Birkeland - Sønnå havn, industri og anlegg	- Nasjonale forventningar - Folkehelse - Næringsutvikling - Klima og miljø

Planarbeid som er påbegynt og er planlagt fullført i perioden

Type plan	Plannamn	Status framdrift	Merknad
Tematisk plan	Hovudplan for vatn og avlaup	Pågåande planarbeid. Ny hovudplan vil bli lagt fram for endeleg vedtak i første del av 2025.	Arbeidet med hovudplan for vatn og avlaup er satt i gang da ein i arbeid med budsjett og økonomiplan har sett behov for å få oppdaterte planar for dette fagområdet. Dei vil blant anna danne grunnlaget for prioriteringar av prosjekt og behov for midlar i kommunen sitt økonomi- og budsjettarbeid. Gjeldande plan frå 2006 blir oppheva og erstatta av ny hovudplan for vatn og avlaup.
Tematisk plan	Klimaplan	Pågåande planarbeid. Vil bli lagt fram for endeleg vedtak første del av 2025.	Gjeldande klima- og energiplan frå 2010 blir oppheva og erstatta av ny klimaplan.
Detaljregulering	Detaljregulering for Nesøyra - Treaskjæret.	Pågåande planarbeid. Mål om endeleg vedtak (2.gangs handsaming) i første del av 2025.	Dette planarbeid er behovsutløyst med bakgrunn i pågåande vann- og avløpsprosjekt. For positiv synergi blir det samtidig regulert inn gang- og sykkelvegtrasé mellom Treaskjæret og Nesøyra.
Områdeplan	Områdeplan for Svandal	Pågåande planarbeid. Mål om endeleg vedtak i 2025.	Kommunen kan ikkje eigengodkjenne planen før motsegn frå Statsforvaltaren i Rogaland er løyst.
Tematisk plan	Forebyggjande plan mot omsorgssvikt og åtferdsvanskar	Ny plan. Planlagt lagt fram for endeleg vedtak i 2024	Ny lovpålagt plan, jf. Barnevernslova § 15.




Tematisk plan	Hovudplan for vatn og avlaup	Pågåande planarbeid. Ny hovudplan vil bli lagt fram for endeleg vedtak i første del av 2025.	Arbeidet med hovudplan for vatn og avlaup er satt i gang da ein i arbeid med budsjett og økonomiplan har sett behov for å få oppdaterte planar for dette fagområdet. Dei vil blant anna danne grunnlaget for prioriteringar av prosjekt og behov for midlar i kommunen sitt økonomi- og budsjettarbeid. Gjeldande plan frå 2006 blir oppheva og erstatta av ny hovudplan for vatn og avlaup.
Handlingsplan	Alkoholpolitisk handlingsplan (2020 - 2024)	Mindre revisjon påbegynt i 2024. Vedtatt 30.10.2024.	

Planar anbefalt oppheva

KDP for oppvekst og kultur 2015	KDP for oppvekst og kultur er vurdert til å være utdatert. Mål gitt i samfunnsdelen samt nasjonale mål, lover og læreplanar gir tilstrekkeleg føringar for oppvekstsektoren. Kultur er vurdert som tilstrekkeleg dekket i samfunnsdelen for denne sektoren samt kulturminneplan og regional planar.
Hovedplan for vann og avløp 2006	Anbefalast oppheva. Det blir utarbeidd ny hovudplan for vatn og avlaup.
Miljø- og ressursplan 1994	Anbefalast oppheva. Den vil bli erstatta av ny klimaplan
Kommunedelplan for utbygging av anlegg og områder for idrett og friluftsliv 1998	Anbefalast oppheva. Den vil bli erstatta av ny plan for idrett og friluftsliv.

Vedlegg

- Utfordringsbilete/utviklingstrekk
- Samledokument: Evaluering av planstrategien for 2020 – 2023 og oversikt over gjeldende planar
- Folkehelseoversikt: <https://www.sauda.kommune.no/f/p14/id4f72581-370f-4945-bd6a-daeef6b61fac/helse-livskvalitet-og-levekar-i-sauda.pdf>
- Kommuneplanen sin samfunnsdel: <https://www.sauda.kommune.no/planer-og-horinger/kommuneplan-og-planstrategi/kommuneplanens-samfunnsdel-vedtatt-20-5-2020/>
- Handlings- og økonomiplan 2024: <https://www.sauda.kommune.no/planer-og-horinger/okonomiplan/budsjett-og-okonomiplan-2024-2027/>



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.